



Røysterett for alle song både julesonger og middelaldersongar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**"Du er eit velsigna menneskje". Dette var orda sokneprest Sven Harald Nilsen streka under for ei fullsett kyrkje under julekonserten søndag kveld. Han kunne gjerne ha lagt til: "Vi er også velsigna med mykje god sang og musikk her i kveld.". Ingen var vel ueinige med Reidar Myklebust frå soknerådet då han konkluderte med at det hadde vore ein strålende konsert.**

Julekonserten er ein av dei store og fine tradisjonsknaggane som uskedalingane henger årsrytmen sin på. Den har enkelte grunnpillorar som for all del ikkje må kuttast ut. Røysterett for alle, Kvinnherad Trekkspelklubb og Uskedal Skulemusikk er tre av dei. Men kvart år er det ein utfordring å supplera med andre utøvarar som gjev konserten enda større musikalsk vengefang. I så måte hadde soknerådet gjort ein god jobb denne gongen.



Trekkspelklubben spela Schubert og Bach. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Konserten hadde også ein god og logisk oppbygging: Skulemusikken spela allereie medan folk kom og i ein juleprega bolk viste dei unge musikanane at dei har hatt nokre utbytterike månader saman med sin nye dirigent Anders Christensen.

Vidare var det ei fin veksling mellom dei som optrådte og allsong.

Nok ein gong fekk vi sanne at det er mange framifrå amatørar i kommunen våre: Organist denne kvelden, Lars Erik Tjeldflåt frå Åkra, er slett ikkje organist av yrke, men lærar. Og solosongar Svein Bergseth frå Utåker er slett ikkje songar av yrke, men kraftlags-sjef! Kven skulle ha trudd det om dei to?



Sindre Steinkopf og Håkon Gulliksen, begge frå Stord og begge 16 år, presenterte til dels eigenproduserte låtar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

To 16-åringar frå Stord – Sindre Steinkopf og Håkon Gulliksen – med akustiske gitarar og modne røyster – var eit spanande og nytt bekjentskap og fortente den applausen dei fekk. Dei kallar seg "The misread" og serverer ikkje minst melankolske balladar. To av dei låtane dei presenterte var eigenproduksjon, men flinkast var dei då dei song "Homesick" av Kings of Convenience.

Trekkspelklubben under Nils Nåsen si musikalske leiing viste nok ein gong av trekkspellet er veileigna også til tolking av dei gamle klassikarane og denne gongen imponerte dei med ein sats frå Schuberts strykekvartett nummer fire og "Bist du bei mir" av Bach.

Men vi fornærmar nok ingen når vi også denne gongen sleg fast at Røysterett toppa det mangfaldige utøvar-laget. Dirigent Maria Malmsten (Sindre Steinkopf er forresten sonen hennar) for som ein skyttel mellom Rosendal og Uskedalen søndag kveld. Ho hadde ei dirigentoppgåve både der og her og det er ikkje lett å forstå kvifor det måtte bli konsertkollisjon.



Svein Bergseth avslutta med "O bli hos mig". (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men Maria klarer visst alt: Ikkje berre var ho ein inspirerende korleiar denne kvelden. Ho song også solo i "Eit barn er født" medan koret toga inn og ho spela fløyte saman med Kristine Bjorøy Hestad!.

På programmet til koret denne gongen sto tre vakre julemelodiar: "Kling no, klokka", "Vinternatt" og "Jul, jul, strålende jul", men ikkje overraskande sneia Maria også innom mellomalderen med to melodiar frå samlinga "Maria-musikken".

- Det er ein fin tradisjon at vi kan møtas her i ei travel førjulstid, senka skuldrane og nyta så mykje fin musikk., sa Reidar Myklebust.

Det er ikkje berre fint, det er balsam for sjelen!

Av Ola Matti Mathisen



Skulemusikken opna konserten (Foto: Ola Matti Mathisen)